

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. *Bryne.*Fylke: *Hordaland*

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: *Meland*Emne: *Bryne*Bygdelag: *Nordhordaland*Oppskr. av: *Elias Hjalveit*Gard: *Hjalveit*(adresse): *Brickhaug om Bergen*G.nr. *22* Br.nr. *8*A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Høget og set sjölv.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

E. H. er f. 1874.

SVAR

1. Namne her er og her vore *bryne*.
 No er det vanlegt å seia: *bryna ljæn*.
 Då eg var smaget sa dei vaksne ofte å *kveitja*
ljæn. *Hein* er namn på eit finare
 sja slags *bryne*, som vart nytta til barber-
 knivar og andre slag finare bitjarn.

2. Dei vanlege bryner, ein nyttar, er av
 naturstein. Slik stein finns ikkje i
 bygdi. Bryni vort kjøpt i Bergen.
 Dei, som handlar med *ljæ*, hev også
 bryner å selja. Kvar dei er komne ifrø
 veit eg ikkje. Hev aldri høyrte noko om
 det.

3. Alle reidskapar vert først slipt på
 rund slipstein. Hev ein slipt *no* for
 dei, so lyt den brynast ifrø, skal jarnet
 bita. Lelles brynar ein ikkje, før *ljæn*
 (eller anna bitjarn) fer til å bit tungt.

4. Eldre folk i min ungdom fortalde om,
 då *tynnsleljæ* var einaste slag *ljæ* dei visste
 om.

4) b)

4) Morfar min, som var född år 1800, hadde ei liti smia her på elvjåtrøt og tynnste lja åt folk. Ogso ifrø andre gardar. Tynnsleljærne laut ein først ha i avlen (i varme) og so vart eggje banka tynn med ~~en~~ smihamaren.

Da foreldri mine var vaksne (kring 1860) kom dei nye ljærne til bygdi.

Dei vart kjøpte i Bergen jamnast. Ei tid budde det ein innflutta smed her i Meland. Han var frø Fløm i Sogn.

Ei tid arbeidde ogso han desse nye ljærne, og dei var svært gode til å bita. Foreldri mine hadde

eit herme etter ei kvinna, som sa om dei nye ljærne: "Famen kan ein slå seg trøyt mange gonger berre ved å bryna dei."

Svar Fløm sende mykje av smed-arbeidet sitt nord gjennom lande.

Tynnsleljærne var ikkje so godt stål i som i slyreljærne. Det nye var, at ljæsmedane hadde lært å herda ljærne på ein betre måte en førre. Dei som tynnte ut ljær hadde ei liti smia på garden. Ambalten var av vanleg slag.

Dei, som kom til smia med tynnsleljå, hadde alltid fleire ljå med seg - for å sleppa gå so jamt til smeden.

Noko viss tid til slikt arbeid var det ikkje.

5) Like måtar å slipa på er ukjende her. Slipesteinen står fast heime ved huset

6) Når gjæn vert so slø, at det vert allfor tungt å slå med han, seier det seg sjölv, at ein lyt slipa. Eg hev aldri höyrt om nokon, som helst ikkje vilde slipa. Di kvassare gjä, di lettare å slå.

7) Like måtar å bryna på er ukjende her.

8) Förr var det enkelte som löyste langorven or skaftet, når dei slipte, hugsar eg frå mine barnedagar. No vert alltid gjæn slipt med skaftet på. Eggi på gjæn held ein alltid mot seg -

9) Skuttorven settes mellom fötene og fötene settes i kross. Langorven støttes til marki.

10) Kwatervatnet er namne på det vatnet ein hadde brynet i. "Dei kvatte gjæn". Eit liti bötte (holkaotter) som tok 2-3 liter, var det vanlege förr til å ha kwatervatne i. "Ta kwatervatne hega" (hit) No vert det helst nytta gamle blikkboksar eller kva ein hev. "Ta bryne med deg". "Bryneboksen" "Brynebötta" osv. "Bryneask" av tre, Bryneasken stod alltid på marki, ein flutta han med seg etter kvart som ein slo.

~~5) Like måtar å slipa på er ukjende her.~~

4

11) Lite eller ikkje brukt å bera brynet med seg. Ein slår seg ikkje so langt vekk med ei slipa, når det er stort gras.

12. Vert ikkje brukt.

13 Brynet fugtar ein i vatn. Andre malar vert ikkje nytta her.

Berre dei nye smergelbryni brukar ein turre. Dess bryni nyttast held berre til grov-bryning, når ljæn er mykje skjemat, og so finbryner ein med eit vanleg steinbryne.

14) Koko særskildt ord for det hugsar og ikkje, eg hev høyrte. Derimot det, som vert slipa av slipesteinen, det vert kalla slipesteinsteröta.

15 ekei. No 16: Nei. No 17: ekei. No 18: Nei

19. Når det beit ilt, so kunde ein sköyer på skjemat spütta på brynet og seia „tvi!“ — I eldgamle tider er det truleg, dette skulde vera eit slag trolldom.

20. Like rim hev eg ikkje høyrte her.